

# Møtebok 10, Lykling sokneråd 09.12.20

**Tid:** kl 17:30

**Stad:** Lykling kyrkje

## Rådsmedlem:

Inger Sele, Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide.

## 1.vara:

Johannes Bernhard Hjelland

**Vert: Heidi**

## Saksliste:

### **Sak 74-20 Godkjenning av referat og innkalling.**

*Godkjent*

### **Sak 75-20 Meldingar og skriv**

*Mailar frå Bjørgvin bispedømme kontor – gjeld kyrkja på nett i desse tider.*

*Mail frå Estlandskomiteen v/skrivar, vedlagt referat frå møte 25.11.20*

*Tekstlesarkurset blir ikkje gjennomført før etter koronaen.*

*Sak 69-20. Gåve til kyrkja. Brev er sendt til vedkommande.*

*Sak 67-20. Vikarliste sendt kyrkjekontoret.*

*Sak 68-20. Temakvelden i nov vart avlyst grunna koronasituasjonen.*

*Sak 72-20. Lysmessa i Lykling kyrkje avlyst. Også konfirmant arr i etterkant.*

*Grunna koronasituasjonen!*

*Sak 70-20. Lykling sokneråd sine datoar (temakveldar og soknerådet møtekveldar) er meldt til dei det gjeld. Det er slik lagt til rette for å unngå kollisjonar.*

*Sak 73-20. Bedt om skriftlege søknader på fritak frå dei to det gjeld.*

*Sak 73-20. Frivilligprisen. Takk til Heidi som tok ansvaret for å melda inn våre kandidatar til prostirådet.*

### **Sak 76-20 Koronasituasjonen**

Koronasituasjonen fører til stadige endringar i smittevernråda. Dette får store konsekvensar Lykling kyrkje med sine 80 km<sup>2</sup>. kyrkjekontoret informerer fortløpande om våre oppgåver/ansvar ved ev. arrangement: Kyrkjeverten har ansvar for å setje sprit ut i våpenhuset, og sjå til at dette vert nytta.

Kyrkjeverten ønsker velkommen, og registrerer namn på frammøtte, og informerer om at stolar ikkje skal flyttast. Kyrkjeverten har ansvar for å vaska berøringsflater mellom arrangement som finn stad same dag.

Etter førespurnad har Lykling sokneråd vedteke at me ynskjer å pynta med juletre både ute og inne i kyrkja, sjølv om det vert lite arrangement i kyrkja denne jula.

Avlysingar i Lykling: lysmessa, julaftagudsteneste og 2. juledagsgudsteneste avlyst grunna korona. Konfirmantane dette året går glipp av mykje, blant anna arrangementet etter lysmessa. Me håper å kunna gjennomføra gudsteneste 24.01.21, og ønsker å sjå på om konfirmantane då kan få opplegget som opphoveleg var planlagt etter lysmessa.

Dette vert sett opp som sak 13.januar

#### **Sak 77-20 Utlån av kyrkja**

Etter rådføring mellom kyrkjeverje og soknerådsleiar er det gitt Våge skulemusikklag løyve til å låna kyrkja 13.12.20 for eit privat lite førjulsarrangement med korpsdeltakarane. I denne samanheng vart det diskutert om korpset skulle betale eller ei då korpset var hamna i ein spesiell situasjon: Opphoveleg skulle skulekorpset delta på julekonserten, som vart avlyst, og hadde øvd inn eit program til denne. Korpset ynskjer å framføra programmet i eit mindre arrangement som motivasjon for korpsmedlemmane

I følgje vedtekter heiter det: «Ein har i utleigereglementet for kyrkjene ein leige pris på 1000,- til lokale kor og korps dersom ikkje anna er avtalt med soknerådet.»

Soknerådet meiner dette er noko fellesrådet må lage klare føringar for: Kva gjer ein når eit privat arrangement vert ei erstatning for arrangement avlyst grunna utanforliggende årsaker som t.d. korona.

*Siste: Nye føringar frå kyrkjerådet/helsedirektoratet om smittevern krev 4km<sup>2</sup> for kvar person som deltek med song eller musikk med blåseinstrument. Dermed kan ikkje korpset ha sitt arrangement i kyrkja (80km<sup>2</sup> gir berre plass til 20 deltakarar).*

#### **Sak 78-20 Open kyrkje**

Regjeringa sine anbefalingar for jule- og nyttårshelga vart presentert på nyheitene i dag. I etterkant av dette vart det fortalt om nokre stader kor det blei vurdert å halda opne kyrkjer, kor folk kunne komma inn, tenna eit lys, ha ei stille stund: Kyrkjevandring.

*Soknerådet ønsker open kyrkje, på same leisten som i sommar, i romjula  
Me vil kunngjera i facebook og Bømlo-nytt. Innslag med tekstlesing , musikk  
og bilete er ønskeleg.*

*Heidi prøver å lage ein presentasjon med musikk og bilete som kan rulla og gå.*

*3.juledag kl 16 - 18: Inger, Astri og Heidi (møter 15.30)*

*30.jan 16 - 18: Sissel, Johannes og Elisabeth (møter 15.30)*

**Sak 79-20 Offerliste for vår 2021**

Følgande offerliste for våren 2020 er vedteken i Lykling sokneråd

|                  |                        |
|------------------|------------------------|
| Søndag 10.01     | Leger utan grenser     |
| Søndag 24.01     | Kirkens sos            |
| Søndag 21.02     | Kyrkjelydsarbeidet     |
| Søndag 07.03     | NMS                    |
| Søndag 21.03     | Kirkens bymisjon       |
| 25.03            | Kyrkjemusikalsk arbeid |
| Langfredag 02.04 | -----                  |
| 2.påskedag 05.04 | Steffanusalliansen     |
| Laurdag 24.04    | Kyrkjelydsarbeidet     |
| Søndag 09.05 x 2 | Kirkens nødhjelp       |
| Måndag 17.05     | søndagsskuleforbundet  |
| 13.juni          | Diakoniarbeidet        |
| 11.juli          | Normisjon              |
|                  |                        |
|                  |                        |

**Sak 80-20 Kyrkjevertar vår 2021**

*Linda sender ut lista når me veit kva tid me kan ha gudsteneste att.*

**Sak 81-20 Visjonsarbeid**

Visjonsarbeidet vert sak på neste soknerådsmøte med vekt desse sakene:

- Søndagsskulegudsteneste 21.03?
- Vurdera eiga gudsteneste for konfirmantane løpet av våren
- Evaluera open kyrkje i romjula
- Planlegga temakveldane for våren: deriblant to kveldar i februar der me les Johannesevangeliet.

**Sak 82-20 Ymse**

**Neste soknerådsmøte onsdag 13.01.21 kl 19.00. Astri er vertinne.**

